



Hordaland fylkeskommune  
Fylkestrafikksikringsrådet  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

<b>Vår ref.</b> 13/1049- 2014012817/57	<b>Arkivkode</b> 13/1049	<b>Dykkar ref.</b>	<b>Dato</b> 01.10.2014
---	-----------------------------	--------------------	---------------------------

## Revisjon av trafikksikringsplanen for Austevoll

### *Revisjon av Trafikksikringsplan*

Austevoll formannskap har godkjend oppstart av revisjon av trafikksikringsplanen for Austevoll kommune. Planen skal utarbeidast som ein tematisk kommunedelplan, og utan planprogram ettersom planen skal utarbeidast i tråd med rettleiar og handbok frå Statens vegvesen om kommunale trafikksikringsplanar (handbok 209). Austevoll kommune er tiltakshavar for planarbeidet og Akvator AS er utførande konsulent.

Austevoll kommune har ein nullvisjon for sitt trafikksikringsarbeid. Hovudmålsetjinga er at det skal vere 0 skadde eller drepne i trafikken. Trafikksikringsplanen vil analysere dagens trafikksituasjon, identifisere trafikkfarlege punkt, identifisere og prioritere tiltak som kan betre trafikktryggleiken og peike på ulike former for haldningsskapande trafikksikringsarbeid som bør gjennomførast.

Det vert med dette bede om eventuelle innspel til planarbeidet frå offentlege instansar og andre. Det er vesentleg å få oversyn over både faktiske og opplevde farlege trafikkpunkt, og vi ynskjer å få innspel til tiltak som kan betre trafikktryggleiken for dei ulike trafikantane.

Innspel og merknader kan sendast innan 30. oktober 2014 til Austevoll kommune, 5392 Storebø, eller [postmottak@ austevoll.kommune.no](mailto:postmottak@ austevoll.kommune.no) .

### Utvikling - Forvaltning

Ruth Larsen  
Kommunalsjef

Bjørn Wefring  
Spesialrådgjevar Utvikling - Forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ikkje underskrift*

**Vedlegg:**